



Lindås Rør og Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/96 - 16/21212

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

07.11.2016

## Godkjenning - GBNR 52/37 - Løyve til etablering av felles privat vassleidning i Kårbøneset hyttefelt

**Administrativt vedtak. Saknr: 368/2016**

**Tiltakshavar:** Kårbøneset hyttefelt, Vannlaget  
**Ansvarleg søkjar:** Lindås Rør og Sanitær AS, org.nr 935 347 920  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Ved søknad journalført 3.11.2016 har ansvarleg søkar Lindås Rør og Sanitær AS søkt om løyve til graving og nedlegging av felles privat vassleidning til Kårbøneset hyttefelt. Søknadsplikten etter plan- og bygningslova følgjer av § 20-1 bokstav a (anlegg).

Rørtrasé og opplysningar om tiltaket elles er skildra i situasjonsplan vedlagt søknaden.

Det er ikkje søkt om tilkopling til kommunal vassforsyning. I søknaden er det opplyst at dette vil bli gjort etterkvart som den einskilde hytteeigar ønskjer å knyte seg til anlegget.

### VURDERING:

#### Nabovarsling og privatrettslege høve:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket ligg på gbnr 52/37, som er matrikkelregistrert med Sætre Bygg Bergen AS som grunneigar. Firmaet eksisterer ikkje lenger og det har ikkje vore råd for hytteeigarane å spore opp nokon representant for grunneigar. Alle hytteeigarane i feltet har signert fullmakt og samtykke til tiltaket. Nokon trong for ytterlegare nabovarsling er det ikkje, jf pbl § 21-3.

Føreliggjande løyve er ei offentlegrettsleg godkjenning som ikkje etablerer privatrettslege rettigheter. Administrasjonen vurderer det som sannsynleg at gbnr 52/37 i realiteten er eit felleseige mellom hytteeigarane og kan difor ikkje sjå grunnlag for å vurdere avvisning av søknaden, jf pbl § 21-6.

#### Plan- og lovgrunnlag:

Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) vist som noverande hytteområde (uregulert).

Utgangspunktet er at nye byggetiltak i noverande fritidsområde er omfatta av plankrav i KPA føresegn 1.2. På nærare vilkår skildra i KPA føresegn 2.1.1, første avsnitt, kan kommunen fritta frå plankrav (utan dispensasjon) tiltak som inneber fortetting i uregulerte byggeområde som kan nytte eksisterande infrastruktur og som er tilpassa eksisterande bygg når det gjeld høgde, volum og grad av utnytting.

Administrasjonen finn at omsøkt tiltak i medhald av føresegn 2.1.1 kan og bør bli fritatt frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan. Søknaden er i samsvar med arealformålet i KPA (fritidsbustad). Administrasjonen vurderer det ikkje som hensiktsmessig å halde fast ved plankravet for det omsøkte tiltak, og frittek difor tiltaket frå dette kravet.

Det er ikkje særskilte registrerte naturverdiar på staden. I høve til dei omsyn og føremål som naturmangfaldlova er meint å ta i vare ser ikkje administrasjonen at desse vert skadelidande eller sett til side ved gjennomføring av det omsøkte tiltaket, jf nml §§ 8-12.

#### Plassering og utforming:

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 3.11.2016. Tiltaket blir vurdert å vere i samsvar med pbl §§ 29-1 til 29-4.

#### Ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde:
Lindås Rør og Sanitær AS, Org.nr 935 347 920 Sentral godkjenning	SØK, PRO, UTF, Felles Isotherm vassleidning til tomtegrenser (tkl 1)

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 bokstav a løyve til etablering av felles privat vassleidning til Kårbøneset hyttefelt i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 3.11.16. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart motteke same dato. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf vurderinga ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart og teikning